

OPERASJON

AV BUKSPYTTKJERTELEN


KJÆRE PASIENT

Velkommen til Avdeling for gastro - og akuttkirurgi. Dette er informasjon til deg som har fått kreft i bukspyttkjertelen.

Bukspyttkjertelen (pancreas) er bygd opp med hovud (caput), kropp (corpus) og hale (cauda). Kjertelen har eit nettverk av gangar og er satt saman av to typar kjertelvev: Eit som skil ut fordøyingsenzym til tarmen og eit som skil ut hormon til blodbana.

Per i dag kjenner ein ikkje årsaka til at det oppstår kreft i bukspyttkjertelen. For å kurere denne kreftforma er den einaste behandlinga ein kan tilby å operere vekk svulsten.

Bilde: Lever, galle og bukspyttkjertelen (pancreas)



www.dreamstime.com

BEHANDLING

Det er i hovudsak tre ulike måtar operasjonen kan gjerast på:

1. Whippels operasjon. Delar av gallegang, galleblære, tolvfingertarm, bukspyttkjertel og magesekk er fjerna
2. Pankreasreseksjon (delar av kjertelen er fjerna)
3. Total pancreatectomi (heile kjertelen er fjerna)

Legen vurderer kva behandling som er mest aktuell for deg.

Operasjonssåret er lukka med: Stiftar, sting eller agraffar. Stiftar og sting skal fjernast 12-14 dagar etter operasjonen. Du må sjølv avtale time på eit legekantor for å få fjerna desse dersom du allereie har reist heim.

OPPFØLGING

Du vil få time til kontroll anten hos ein av kirurgane som opererte deg eller fastlegen. Dette får du vite meir om før utskrivning frå sjuke-huset. Vi sender brev til din fastlege der vi informerer om din sjukdom og kva som er gjort under operasjonen. I mellomtida må du være merksam på komplikasjonar etter operasjonen og følgje desse anbefalingane.

ANBEFALINGAR

Kontakt lege dersom:

- du får feber
- aukande smerter
- det siv frå såret
- det vert raudt rundt såret



www.colorbox.com

KONTAKTINFORMASJON

Kirurgisk klinikk, poliklinikk, ekspedisjon:

Telefon 55 97 28 42

Avdeling for gastro - og akuttkirurgi

Sengepost 1: Telefon 55973400

Sengepost 3: Telefon 55973503

www.helse-bergen.no

Haukeland universitetssjukehus

Telefon: 05300